



Hjelmeland kommune

Klimabudsjett 2021-2024

Rådmannen sitt forslag

Hausten 2020

inkluderande, løysingsorientert & framtidsretta



Innhald

Samandrag/Innleiing	3
Hjelmeland sitt klimaarbeid	3
Hjelmeland sine klimamål	4
Status for klimagassutslepp	5
Utsleppsramme	7
Tiltak	8
Tabell A - Tiltak for Hjelmeland kommune si eiga verksemd	9
Tabell B - Tiltak for Hjelmelandsamfunnet	9
Usikre variablar og føringar	14
Anskaffingar	14



Samandrag/Innleiing

Dette er fyrste gongen Hjelmeland kommune legg fram eit eige klimabudsjett. Dette på bakgrunn av bestilling i vedteken planstrategi (24.09.2020). Utgangspunktet for klimabudsjettet er Miljødirektoratet sin statistikk for utslepp av klimagassar i det geografiske området Hjelmeland. Budsjettet gjeld difor heile det geografiske området Hjelmeland kommune, og ikkje berre organisasjonen Hjelmeland kommune.

Dokumentet er på ingen måte komplett, men me har tatt utgangspunkt i den informasjonen me har tilgang til per i dag, sett opp mot kommunen sitt øvrige planverk (kommuneplan, økonomiplan, osv.). Ein har heller ikkje hatt så god tid til dette som ein skulle ynskje, men det har likevel vore viktig å kome i gang med arbeidet.

Når Miljødirektoratet sin statistikk vert lagt til grunn, ser me at det ikkje gir eit fullt ut dekkande bilde av situasjonen. Til dømes vert ikkje opptak av klimagassar i skogen vår, eller utslepp frå havbruksnæringa medrekna. For Hjelmeland er dette store og viktige sektorar. Heller ikkje indirekte utslepp er med.

Det er førebels ikkje fastsett eigne mål for kutt i klimautslepp frå Hjelmeland, og budsjettet legg difor dei nasjonale måla til grunn, jamfør Parisavtalen. Budsjettet byggjer elles på vedteken klimastrategi (fsak 64/19) og på vedteken kommuneplan (ksak 14/19 og 47/19).

Arbeidet med klimabudsjett har skjedd i tett samarbeid mellom ei administrativ gruppe og eit innleigd konsulentfirma (Endrava). Det har vore ein intensiv, lærerik og nyttig prosess der det ikkje finst nokon fasit. Klimabudsjett har fram til no berre vore utarbeidd for meir folkerike kommunar.

Dei to mest konkrete tiltaka på kort sikt for å få ned utslepp i Hjelmeland ser ut til å vera innføring av utsleppsfrie ferjer i Jøsenfjordsambandet (Statens Vegvesen) frå 2021 og bygging av ny 132 kV linje frå Strand til Hjelmeland (Lyse, 2023). Utan meir fornybar energi tilgjengeleg i form av straum, er det vanskeleg å bytte ut fossil energi med utsleppsfri.

Når det kjem til dei store utsleppspostane i Miljødirektoratet sitt oppsett (jordbruk, sjøfart, vegtrafikk) vil dei mest sentrale punkta i budsjettet for kommunen sin eigen del vere å

- legge til rette for meir utsleppsfri transport (ladestruktur, eventuelt bruk av bioenergi)
- bygge ut digital infrastruktur
- drive med motivasjon og informasjon

Hjelmeland har eit oppegående næringsliv som har miljø og klima oppe på dagsorden. Med avgrensa tid har me difor ikkje fått kartlagt alt arbeid som vert gjort av næringslivet for å minke utslepp av klimagassar frå kommunen. Dette er difor i liten grad med i dette budsjettet, men vil få større plass i komande års klimabudsjett.

Hjelmeland sitt klimaarbeid

Kommuneplan for Hjelmeland 2019-2031 er gjeldande klimaplan for vår verksemd. I tillegg vedtok kommunen i august 2019 ein klimastrategi (fsak 64/19). Her er innkjøp og klimatiltak vektlagt som faste punkt i den interne rapporteringa.

I kommuneplanen er klimatiltak omtalt under kap 3.6, 5.2.5, 5.3.4 og 5.3.6.

Hjelmeland har i konkrete saker jobba med klimaarbeid. Noko av arbeidet er gjennomført og avslutta, andre ting har så vidt starta opp.


- Arbeid med hydrogenprosjekt i tilknytning til komande hydrogenelektrisk ferje
- Energiøkonomisering i kommunale bygg generelt, og bruk av bioenergi for skuleområdet på Hjelmeland
- Pådrivar for utbygging av ny 132 kV linje
- Deltaking i klimaskogprosjekt
- Vedtak om å gå i gang med sertifisering av kommunen som miljøfyrtårn
- Utbygging av ladestasjonar i tilknytning til kommunale bygg, og innkjøp av elbilar
- Årleg berekraftveke på ungdomsskulen
- Sett av eit eige klimafond (1 mill.) i samband med rekneskapsavslutninga i 2019.

Hjelmeland sine klimamål

Ny klima- og energistrategi skal i følgje planstrategien utviklast i 2021. I mellomtida har me vald å sjå til nasjonale målsettingar på klima. Regjeringa har som ambisjon å redusere utslepp med minst 50 % og opp mot 55 % innan 2030, samanlikna med 1990-nivå.

Ein kontinuerleg årsserie for utsleppsstatistikk for Hjelmeland heilt tilbake til 1990-nivå finst ikkje då Miljødirektoratet sin utsleppsstatistikk for kommunar ikkje går lenger tilbake enn 2009. Ser ein likevel til nasjonal utvikling, som vist i figuren nedanfor, har utsleppa vore relativt stabile i perioden, og endringar frå 1990 til 2009 er marginale, med rundt 3 % auke.


Som eit utgangspunkt for årets klimabudsjett vert det difor føreslått at Hjelmeland sitt klimamål er 50 % reduksjon av klimagassar innan 2030, samanlikna med 2009-nivå. Ei nærare omtale av kva utslepp som er omfatta av målet kjem i neste kapittel.



Hjelmeland kommune har over 60 % av sine direkte utslepp frå jordbrukssektoren. På nasjonalt nivå, og i høve til Klima- og Miljødepartementet¹ skal utslepp frå

jordbruket haldast stabilt fram mot 2030. Det kan difor verte krevjande å oppnå dei skisserte klimamåla for oss utan ein endra verkemiddelbruk på nasjonalt nivå for jordbrukssektoren.

¹ Energi og klima, 2020: [Dette er de viktigste klima- og energisakene i statsbudsjettet](#)



Figur 1: Utslepp av klimagassar i Noreg, fordelt på kjelder (SSB og Miljødirektoratet)

Status for klimagassutslepp

Omfanget av klimagassutsleppa er definert til å vere dei direkte utsleppa som finn stad innanfor kommunen sine geografiske grenser. Dette omfattar utslepp frå innbyggjarar, næringsliv og den kommunale verksemda sjølv. Ei slik tilnærming har både fordelar og ulemper.


Fordelen er at ein kan direkte nytte seg av Miljødirektoratet sin utsleppsstatistikk for kommunar. Det er også desse utsleppa ein i størst grad kan påverke. Ulempa er at ein ikkje klarer å synleggjere dei indirekte utsleppa som Hjelmelandsamfunnet står for. Det vil sei utslepp i samband med produksjon av varer (til dømes byggjematerialer, produksjon av bilar, matvarer, og liknande) og tenester (til dømes flyreiser) som finn stad utanfor kommunen.

Ei analyse frå Oslo kommune viser at dei indirekte utsleppa kan vere 6-13 gongar større enn dei direkte utsleppa². Diverre finst det ingen enkel utsleppsstatistikk å nytte på same måte som for dei direkte utsleppa, og i tillegg er det vanskelegare å påverke desse. I mangel på statistikk er det likevel eit poeng å gjennomføre tiltak som kan bidra til utsleppsreduksjonar også her, noko som vert synleggjort i form av ein eigen tiltakskategori i Hjelmeland sitt klimabudsjett.

Dersom me ser på Hjelmeland kommune sine direkte klimagassutslepp over tid er dei tre viktigaste sektorane jordbruk (63 %), sjøfart (16 %) og vegtrafikk (15 %). Desse står til saman står for 94 % av utsleppa i kommunen.


Trenden over tid viser ein gradvis nedgang i klimagassutslepp, der utsleppa i 2018 er 11 % lågare enn i 2009. Primært vert utsleppsreduksjonen frå anna mobil forbrenning (bygg- og anleggsmaskiner, traktorar, osb.) delvis utnulla av veksten i utslepp frå sjøfart.

² Oslo kommune, 2019: [Direkte og indirekte utslipp](#).




Figur 2: Hjelmeland kommune sine direkte utslepp (Miljødirektoratet)

Ei samanlikning mellom Hjelmeland og kommunar i nærleiken er vist i figuren nedanfor. Den illustrerer at forskjellige byar og kommunar kan ha forskjellige hovudutfordringar når det kjem til reduksjon av klimagassutslepp. Samstundes er det mange fellesnemnarar som opnar opp for samarbeid om klimaløysingar på tvers av kommunar.



Figur 3: Samanlikning av klimagassutslepp mellom kommunar (Miljødirektoratet)

Med sitt store, grønne areal har Hjelmeland kommune ei viktig rolle i **opptak** av klimagassar. Figuren nedanfor viser utslepp forbunde med arealbruk i kommunen, der klimagassutslepp frå beite og dyrka mark vert oppvegd av det store klimagassopptaket frå skog, anna utmark samt vatn og myr. Utsleppsstatistikken går berre for 2010 og 2015, medan oppdaterte tall for 2020 er venta i løpet av dei neste åra. Legg ein dei direkte utsleppa saman med opptaka vil dette i praksis innebære at Hjelmeland kommune er netto-negativ i sine utslepp (tek opp meir klimagassutslepp enn det som vert slept ut). Dette understrekar at det er viktig å bevare og styrke dei opptaksmulegheitene ein har.




Figur 4: Utslepp og opptak frå arealbruk i kommunen, 2010 og 2015 (Miljødirektoratet)

Utsleppsramme

Utsleppsramma definerer taket for dei direkte klimagassutsleppa som Hjelmeland kommune skal halde seg under. Med utgangspunkt i forslaget til langsiktig klimamål (det vil sei 50 % reduksjon innan 2030 frå 2009-nivå), er det skissert eit forslag til utsleppsramme for neste års budsjett og fire-års økonomiplanperiode.

Det vert foreslått ei ramme i 2021 tilsvarande utsleppa i 2018. Det vil sei 34 800 tonn CO₂-ekvivalenter. Vidare vert det foreslått vedteke ei utsleppsramme i 2024 på 32 700 tonn CO₂-ekvivalenter. Sett opp mot Hjelmeland sine klimamål medfører dette en reduksjon på 11 % i 2021, og 17 % i 2024. Det vil då stå igjen ytterlegare 33 % å redusere fram mot 2030.

Ramma er utvikla basert på ein forsiktig start og gradvis innskjerping fram mot 2030. Eit viktig poeng i denne samanheng er å synleggjere kva jordbrukssektoren betyr for Hjelmeland kommune og at det er krevjande å finne gode klimatiltak i denne sektoren. Årsaka til dette er, som tidlegare skildra, at jordbrukssektoren er underlagt nasjonal politikk og nasjonale verkemiddel, og at utsleppsbanen nasjonalt syner stabile utslepp fram mot 2030. Ei oppdatert ramme for Hjelmeland kommune der denne problemstillinga vert analysert nærare må venta til neste runde av klimabudsjettet hausten 2021.



Figur 5: Historisk utslepp, utslippstak (rammer) og mål (Miljødirektoratet og Endrava analyse)

Tiltak

Ulike tiltak for Hjelmeland kommune er i stor grad omtalt i vedteken kommuneplan. Tabellane nedanfor oppsummerer tiltaka, kategorisert innanfor dei sektorane dei er tenkt å ha størst effekt. Tiltaka er fordelt på to tabellar, der første tabell omtalar tiltak primært retta mot Hjelmeland kommune som verksemd, medan andre tabell omtalar tiltak primært retta mot Hjelmelandsamfunnet.

Fleire av tiltaka er i utviklingsfasen der det framleis føreligg få detaljar. Av den årsak er ikkje alle tiltaka kvantifiserte i form av kostnader og utsleppsreducerande effekt. Til seinare års klimabudsjett er ambisjonen at fleire av tiltaka er vidareutvikla i tilstrekkeleg grad til at eit detaljert talgrunnlag ligg føre.

Fleire av tiltaka går på energieffektivisering, indirekte utslepp og opptak av klimagassar. Dette er tiltak som ikkje fører til reduksjonar av dei direkte klimagassutsleppa i Hjelmeland, men som likevel vil ha ei klimanytte i eit større perspektiv. Dei er difor inkluderte i tabellane.

Ei nærare skildring av tiltaka er inkludert under tabellane.

Tabell A - Tiltak for Hjelmeland kommune si eiga verksemd

Utsleppssektor/kjelde	Tiltak #	Tiltakstittel	Ansvarleg eining	Årleg kostnad 2021-2024 (1000 kr)	Årleg effekt (tonn CO2e)
Vegtrafikk	A-1	Vurdere elektrisk ev. biodrivstoff i alle nye innkjøp/leasingavtalar av køyretøy og maskiner	Bygg og anlegg Helse og omsorg		
Vegtrafikk	A-2	Legge til rette elbil for kommunale tenestereiser og bygge ut ladepunkt ved kommunale bygg		200	
Vegtrafikk	A-3	Ny og større bil til Team teknisk for å auke grad av samkøyring	Bygg og anlegg		
Vegtrafikk	A-4	Auka bruk av digitale møteplassar for å redusere bilbruken			
På tvers av sektorar	A-5	Verte Miljøfyrtårnsertifisert	Plan og forvaltning Bygg og anlegg	30	
På tvers av sektorar	A-6	Gjennomføre temaveke om berekraft			
På tvers av sektorar	A-7	Vurdere vektning av tildelingskriteriet miljø opp mot 30 % i anskaffingsprosessar			
På tvers av sektorar	A-8	Utvikle rutine for sirkulær økonomitankegang (ombruk) for møbler og anna utstyr			
Indirekte utslepp	A-9	Vidareføre fokus på å redusert matavfall ved kommunale einingar			
Indirekte utslepp	A-10	Stille krav til at eigne nybygg skal byggast klimanøytrale			
Indirekte utslepp	A-11	Bruke meir trevirke i bygg	Bygg og anlegg		
Energieffektivisering	A-12	Effektivisere eige energiforbruk gjennom t.d. SD-anlegg i aktuelle bygg	Rådman og einingsleiar	1 000	
Energieffektivisering	A-13	Bytte ut til LED-belysning i kommunale bygg mot 2030 (frå 2022)	Einingsleiar	1 000	

Tabell B - Tiltak for Hjelmelandsamfunnet

Utsleppssektor/kjelde	Tiltak #	Tiltakstittel	Ansvarleg eining i Hjelmeland kommune	Årleg kostnad 2021-2024 (1000 kr)	Årleg effekt (tonn CO2e)
Jordbruk	B-1	Betre rammevilkår for produksjon av biodrivstoff			
Jordbruk	B-2	Arrangere landbruksmøte med klimafokus			
Jordbruk	B-3	Lansere program for at flest mogleg gjennomfører e-læringskurs om klimakalkulator i landbruket		25	
Jordbruk	B-4	Drive påverknadsarbeid for å fremje bruk av siloar framfor rundballar			

Jordbruk	B-5	Dele informasjon om støtteordningar for klimatiltak frå t.d. Innovasjon Norge		
Vegtrafikk	B-6	Utvikle miljøvenleg områdeplan med fokus på tettstadsutvikling		
Vegtrafikk	B-7	Stille krav til utbygging av ladeinfrastruktur i planarbeid	Kommunestyret	
Sjøfart	B-8	Innføre nullutsleppsferjer	X og Statens vegvesen	3600?
Sjøfart	B-9	Bidra til å realisere lokal produksjon og bruk av hydrogen	Næringsrådgjevar	
Sjøfart	B-10	Etablere landstraum på ny industrikai i Årdal og også vurdere dette på eksisterande kaier		
Energiforsyning	B-11	Bygge ut 132kV linje i 2023	Rådmann, ordførar og Lyse	
Opptak av klimagassar	B-12	Tett oppfølging etter hogst med mål om nyplanting. Motivera for trevareindustri i mindre skala basert på lokal skogressurs	Plan og forvaltning	
Energieffektivisering	B-13	Prosjekt for auka bruk av solceller på tak på driftsbygningar		

Nærare skildring av tiltak for Hjelmeland kommune si eiga verksemd

A-1 Vurdere elektrisk ev. biodrivstoff i alle nye innkjøp/leasingavtalar av køyretøy og maskinar

Elbil/maskin vert vurdert ved alle nye innkjøp/leasingavtalar, og ambisjonen er å utvide elbilparken der det er føremålstenleg. Dersom ein på sikt får produksjon av biogass lokalt, vil den type drivstoff også kunne vere aktuelt.

A-2 Innføre elbil for kommunale tenestereiser, og bygge ut ladepunkt på kommunale bygg

Elbil vert gjort tilgjengeleg for kommunalt tilsette til tenestereiser. Tilsette kan då reise meir kollektivt til/frå jobb. Tilbodet kan utvidast etter kvart som fleire ladestasjonar er på plass. Kostnad kr 100 000,- pr. år, men vil i andre enden gi ei innsparing på andre reisekostnadar. Inga ny løyving, men ei omfordeling innanfor budsjett.

Utbygging av fleire ladepunkt i tilknytning til kommunale bygg for å kunne nytta elbilar. I fyrste runde Fister, Jøsenfjorden, Årdal og helsehuset på Hjelmeland. Dette vil utgjera om lag kr 100 000,- pr. ladestasjon. Ein ser føre seg å bygge ut ein til to stasjonar i året.

A-3 Ny og større bil til Team teknisk for å auke grad av samkøyring

Meir samkøyring gir mindre utslepp. Større bil er innkjøpt for å gi plass til fleire arbeidarar.

A-4 Auka bruk av digitale møteplassar for å redusere bilbruk

Fleire digitale møter gir mindre bilbruk og dermed mindre utslepp.

A-5 Verte Miljøtårnsertifisert

Det er vedtatt at Hjelmeland skal leggje opp til å få miljøfyrtårnsertifisering i 2021. Ansvarleg: Plan og forvaltning og Bygg og anlegg.

A-6 Gjennomføre temaveke om berekraft

Skal gjennomførast kvart år for å oppretthalde fokus på berekraft, ombruk og miljøtenking. Dette vert per i dag berre gjort på ungdomsskulen.

A-7 Vurdere vektning av tildelingskriteriet miljø opp mot 30 % i anskaffingsprosessar

Sjå vedlegg om kriterium ved kommunale innkjøp.

A-8 Utvikle rutine for ombruk av møblar og anna utstyr

Både møblar og anna utstyr kan ofte ha ein ombruksverdi som det er viktig å ha fokus på. Både i høve kommunal eigedom, men også retta ut mot innbyggjarar. Her vil det i så fall vere aktuelt å samarbeide med IVAR.

A-9 Vidareføre fokus på redusert matavfall ved kommunale einingar

Mindre matsvinn vil redusere avfall og bidra til reduksjon av indirekte klimagassar.

A-10 Stille krav til at alle eigne nybygg skal byggast klimanøytrale

Nybygg bør prinsipielt byggast klimanøytrale. I fyrste runde studietur for å læra meir om denne måten å bygge på, til dømes til Kongsberg (nytt skulebygg).

A-11 Bruke meir trevirke i bygg

Bygg i tre gir eit positivt CO₂-rekneskap, i og med at materialet er fornybart og inngår i naturen sitt kretsloop. Bør vurderast ved alle nybygg. Ansvarleg: einingsleiarar.

A-12 Effektivisere eige energiforbruk gjennom t.d. SD-anlegg i alle bygg

SD-anlegg i alle bygg er tenkt utbygd gjennom ein fireårsplan. Dette vil utgjere ca 1 mill. på investeringsbudsjettet pr. år i perioden. Vil gi eit mindre energiforbruk, då denne type smartløyising sørger for energieffektiv oppvarming av bygga. Ansvarleg: rådmann og einingsleiarar

A-13 Bytte ut til LED-belysning i alle kommunale bygg mot 2030 (f.o.m 2022)

Bytte ut alle gamle lysarmatur med ledlys i alle kommunale bygg fram mot 2030
Oppstart 2022, med kr 500 000,- pr år inntil prosjektet er ferdig.

Nærare skildring av tiltak for Hjelmelandsamfunnet

B-1 Betre rammevilkår for produksjon av biodrivstoff

Arbeide for betre rammevilkår for produksjon av miljøvenleg drivstoff og annan energi. Arbeida for bruk av avfall/restråstoff frå havbruk og landbruk inn i dette. Prosjekt i 2023, hovudsakleg ekstern finansiering

B-2 Arrangere landbruksmøte med klimafokus

Det årlege landbruksmøtet får i 2021 klima som tema.

B-3 Lansere program for at flest mogleg gjennomfører e-læringskurs om klimakalkulator i landbruket

Programmet er utvikla og presentert oktober 2020. Målet er å få størst mogleg oppslutning om å gjennomføra e-læringskurs og å nytte klimakalkulator. Studiearbeid i samarbeid med landbruket

B-4 Drive påverknad for å fremja meir bruk av eksisterande siloar framfor rundballar

Bygge opp om meir bruk av eksisterande siloar (det finst mange av dei som er i god stand), i staden for rundballar. Medfører mindre bruk av plast, og også mindre traktorkøyring.

B-5 Dele informasjon om støtteordningar for klimatiltak frå t.d. Innovasjon Norge

Info om støtteordningar for klimatiltak i landbruket (tak på gjødsellager, slangespreiing med meir). Dette er statlege midlar (Innovasjon Norge). Hjelmeland kan bidra med kursing, jf. Pkt. 3. For øvrig er dette eit område som vert styrt frå sentralt hald utan at kommunen kan påverke særleg i høve til regelverket for denne sektoren.

B-6-Utvikle miljøvenleg områdeplan med fokus på tettstadsutvikling

Områdeplan er bestilt og vert arbeidd med i 2021, og ansvaret for utarbeiding ligg hjå Plan og forvaltning. Dette omfattar også sykkel-/gangvegar i tillegg til biltransport.

B-7 Stille krav til utbygging av ladeinfrastruktur i områdeplan for sentrum

Dette vert arbeidd med i områdeplan for sentrumsutvikling, og anna arealplanarbeid. Det føreligg nasjonale krav frå 2025 om å kutta nysal av dieslbilar. Dette må Hjelmeland vera i stand til å handtera. Ansvarleg: Kommunestyret

B-8 Innføre nullutsleppsferjer

Kjem i 2021. Ansvar: Statens Vegvesen

B-9 Bidra til å realisere lokal produksjon og bruk av hydrogen

Ansvar: næringsrådgjevar.

B-10 Etablere landstraum på ny industrikai i Årdal og vurdere dette på eksisterande kaier

Etablere landstraum på kaier der det er hensiktsmessig for å unngå at båtar nyttar fossil energi når dei ligg til kai. Dette er planlagt på ny kai i Årdal som er under prosjektering no.

B-11 Bygge ut 132 kV linje i 2023

Ny 132 kV linje skal koma i 2023. Ansvar: Lyse Nett. Denne utbygginga er vesentleg for at Hjelmeland kan klare å bytte ut fossil energi med fornybar straum. Ansvar for "masing": rådmann og ordførar.

B 12-Videreføre satsing på klimaskog med tilskot i 2022

Bidra til skogplanting og vidareføre satsing på skog som til dømes klimaskog som er eit godt og viktig tiltak for binding av CO2. For kommunen sin del vil ein følgje opp gjenplanting etter hogst og motivera til auka aktivitet i lokal trevareindustri med fokus på lokalt trevirke. Ansvar: Plan og forvaltning

B-13 Auke bruken av solceller på tak på driftsbygningar



Meir bruk av solceller på tak på driftsbygningar. Her er store flater og behov for varme, særleg i svin/kylling-produksjon.



Nye løyvingar til klimatiltak

Årleg kostnad for sertifisering til miljøfyrtårn kjem på kr 30 000,-. Innanfor driftsbudsjettet vert det ut over dette ei omfordeling av eksisterande midlar. Det er ikkje øyremerka ekstra midlar til klimavenleg drift.

Kurs/kompetanseheving innan landbruk er sett til kr 25 000,-. Inga ny løyving ut over denne summen, så her må ein omfordele kursbudsjettet.

Ny industrikai i Årdal med landstraum vil gje behov for ekstra løyvingar, då dette er vanskeleg å estimera før ein får eit tilbod.

Usikre variablar og føringar

Klimaarbeid hjå kommunar er nybrottsarbeid. Hjelmeland sitt klimabudsjett er også nybrottsarbeid. Med dette som utgangspunkt er det fleire moment som gir grunnlag for uvisse.

- Utsleppa i statistikken kan endre seg avhengig av metodeforbetringar og endringar som utgivar Miljødirektoratet innfører. Det er krevjande metodisk å samle inn, analysere og produsere utsleppsrekneskap for alle kommunane i landet, og å kvalitetssikre at dette i så stor grad som mogleg gjenspeglar dei utsleppa som faktisk finn stad i kommunen.
- Klimareduserande effekt av tiltak er usikre, både når det gjeld kva tid dei kjem og i kva storleik. Dette kan påverke måloppnåinga positivt gjennom at tiltaka har større effekt og/eller kjem tidlegare enn førespegla. Men, på tilsvarande og motsett side kan det også påverke måloppnåinga negativt.
- Anslag for kostnader og inntekter ved klimatiltaka er usikre.

Som respons på denne uvissa vil kommunen søke å til ei kvar tid nytte beste tilgjengelege kunnskap, vere transparente om talmateriale, berekningar og resultat som vert lagt til grunn, bruke konservatisme i anslag eller synleggjere spenn i berekningar, og jobbe med kontinuerleg forbetring slik at kvart nye klimabudsjett er litt betre enn det førre.

Anskaffingar

Anskaffingar skal gjennomførast med tydeleg miljøprofil. Dette er eit satsingsområde i perioden og gjelder anskaffingar av både varer og tenester.

Det er høve til å vekte kriterium knytt til klima opp til 30 %.

I anskaffelsesloven § 5 står det at offentlege oppdragsgivarar skal «innrette sin anskaffelsespraksis slik at den bidrar til å redusere skadelig miljøpåverking og fremme klimavennlige løysningar der det er relevant.» Å få på plass rutinar for å bruke miljøkrav og kunne evaluere desse krev kompetanse.

Me syner til meir info i vedlegg A